



Fagne AS
Att.: Vidar F. Sagen-Roland

26. februar 2025

Vidar.sagen-roland@fagne.no

Uttale – Høyring av konsesjonssak 132 kV sjøkabel Reksteren/Tysnes – Otterå/Austevoll

Visar til høyring av konsesjonssak frå Fagne AS ref. 324466-v1, der ein søker om å leggja ny 132 kV sjøkabel frå Reksteren på Tysnes til Otterå i Austevoll kommune, der frist til merknad er satt til onsdag 5. mars. Visar også til uttale gitt til NVE 1. desember 2020, der vi gjorde greie for aktiviteten Sjøtroll Havbruk AS har i den planlagde traseen og at det er viktig med tett dialog i saken..

Sjøtroll Havbruk AS (SH) disponera havbrukslokalitet 10054 Tobbholmane i Austevoll kommune. Denne lokaliteten består av en ramefortøying med plass til 8 stk. 160m ringar, på to rekker. I **vedlegg 1** har vi teikna inn søkt kabeltrasé og visa korleis denne kjem i forhold til SH sine fortøyingar for lokalitet Tobbholmane, slik vi ligg i dag. Lokaliteten er godkjent for ytterlegare to rammer mot vest inn mot land. I tillegg planlegg vi nedsenka merdar, men det skal i utgangspunktet ikkje påverka trasé for omsøkt sjøkabel.

Det er utfordrande å leggja sjøkabelen forbi anlegget og når dette skal gjennomførast må anlegget være tomt for fisk og vi må ha båtar til å ta hand om fortøyingane og ramma, slik at båten som legg sjøkabelen, kjem mellom anlegg og anker/boltar i land. Det er også viktig å gå klar av fortøying 108, som er ein bolte i land, slik at vi unngår gnag på sjøkabelen. I **vedlegg 2** visar vi omtrent korleis traseen til sjøkabelen er planlagt over Langenuen.

Når ny kabel skal leggjast ut er det viktig at det er god dialog mellom tiltakshavar og Sjøtroll Havbruk, da vi må flytte/løyse på fortøyingar når ein skal leggja ut sjøkabelen. Tobbholmane får satt ut ny fisk på lokaliteten haust 2025 og blir brakklagd våren 2027. Vi ber derfor om at ein knytte kontakt i tidleg fase slik at ein kan gjennomføra den praktiske utlegginga av sjøkabelen når anlegget er tomt for fisk, for å redusera risiko for havari av anlegg.

Vedlegg

Med venleg helsing

Nils Arve Eidsheim
Samfunnskontakt
Sjøtroll Havbruk


SJØTROLL HAVBRUK

Alfabygget 1
N-5392 Storebø, Norway

Phone + 47 91 91 18 00
Foretaksregisteret/VAT NO 929 363 833 MVA

Email firmapost@sjotroll.no
leroyseafood.com

Vedlegg 1



Vedlegg 2

